

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Sandane Næringshage, Gloppen
Dato: 12.09.2018
Tidspunkt: 10:00 – 12.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Nestleiar	
Håkon Myrvang	Leiar	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturopsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 9/2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 2/2018	Orienteringssaker		
RS 3/2018	Status på tiltak i 2018		
ST 10/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - høyring av besøksstrategi		2018/1221
ST 11/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Skjøtselsplan for støylsmiljø		2018/1221
ST 12/2018	Eventuelt		
RS 4/2018	Synfaring til Ryssdalen for å sjå på gjennomførte tiltak og tiltak under arbeid		

ST 8/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 12.09.2018

Vedtak ST 8/2018

Styret godkjente innkalling og sakliste

ST 9/2018 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner og skriv under protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 12.09.2018

Vedtak ST 9/2018

Styret godkjente protokoll frå førre møte, og signerte protokollen.

RS 2/2018 Orienteringssaker

- Løyve til å endre tak på Vonastølen

Siv gustavsen har fått løyve til å gjere endringar på selet på Vonastølen. Selet treng rehabilitering, og Gustavsen har fått løyve til å bytte frå torvtak til platetak.

Løyvet vart gjeve med delegert mynde i samråd med styreleiar. Forvaltaren rådførte seg og med kulturavdelinga til fylkeskommunen i denne saka.

- Løyve til fasadeendring på Nesstølen

Anders Neset har fått løyve til å gjere fasadeendring på selet sitt på Nesstølen. Endringa går ut på å sette inn fleire vindauge i selet, kor det var få vindauge frå før. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- Helikopter til Nesstølen

Anders Neset har fått løyve til å frakte material og utstyr til Nesstølen i samband med byggearbeid på selet.

- Nordfjord folkehøgskule - løyve til teltleir

Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha ein større teltleir ved Haugen/Storevatnet i Gjengedalen i samband med overnattingstur.

Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- Nordfjord folkehøgskule - avslag på søknad om drone

Nordfjord folkehøgskule fekk avslag på søknad om å filme teltleiren med drone. Saka vart handsama med delegert mynde, i samråd med styret.

- Vedtak i klagesaka i Traudalen.

Miljødirektoratet har fatta vedtak i klagesaka i Traudalen. Direktoratet stadfestar verneområdestyret sitt vedtak og avslår med det klagen.

Audun Rygg søkte i 2017 om å få bygge hytte på gamle fjøsmurar/-tufter på Dalsbøen i Traudalen. Verneområdestyret avslo søknaden av fleire årsaker, mellom anna fordi det ikkje var heimel til å gje løyve, og fordi Rygg har sel på støylen som heller kan restaurerast.

Rygg klaga på vedtaket i januar 2018. Verneområdestyret oppretthaldt vedtaket sitt og sende saka vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming.

Miljødirektoratet støttar dei vurderingane som verneområdestyret gjorde i saka, og er samd med styret i at det ikkje burde gjevast løyve til å føre opp hytte.

RS 3/2018 Status på tiltak i 2018

Skjøtsel på Arnestadstøylen	10.000	Grunneigarane gjennomfører sjølv i samsvar med fleirårig plan. Vert utbetalt i haust
Skjøtselstiltak på støylane i samsvar med skjøtselsplan	30.000	Nett fått skjøtselsplanane, ikkje kome i gang med tiltak enno
Stiltak Arnestadstøylen		Grunneigarane gjennomfører sjølv i samsvar med fleirårig plan. Vert truleg utbetalt i haust
Geitabykset	250.000	Trappene er levert og frakta opp på kanten med helikopter (?). Bygdeservice er i gang med montering i desse dager (?)
Stien til Byrkjeneset		Bygdeservice har lagt ein del kloppar som vart køyrt inn i vinter.
Bru over elva på Byrkjeneset	50.000	Steinar Ebebø har gjort ein jobb med reperatur og forsterking av aluminiumsbrua, bygd nye og forsterka fundament. Arbeidet ferdig, ventar på faktura.
Stien gjennom Ura ved Storevatnet		Ligg på vent

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	10/2018	12.09.2018

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - høyring av besøksstrategi

Miljødirektoratet har fagleg godkjent framlegget til besøksstragi for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Strategien er no klar for å leggast ut på høyring, før styret skal vedta strategien.

Det er ikkje klare reglar eller retningslinjer for korleis høyringa skal gjennomførast, berre at strategien bør leggast ut på ei høyring der relevante aktørar kan kome med innspel.

Under handsaminga i styremøte bør styret diskutere:

- Rask gjennomgang av strategien
- Korleis høyringa skal gjennomførast
- Høyringsfrist
- Høyringsmøte
- Høyringspartar

Vedtak ST 10/2018

Før høyringa skal det gjerast nokre mindre endringar i dokumentet;

- Sidetal
- Legge inn Jordlova og Friluftsløva under relevante lovverk
- Skrive litt om ansvar, risiko og bruk under punkta som gjeld Beitabykset

Besøksstrategien vert lagt ut på ei enkel høyring;

- Dokumentet vert lagt ut på nettsida til verneområdestyret
- Kommunar, organisasjonar, kontaktpersonar vert varsla om høyringa på e-post
- Høyringa vert informert om på Facebook
- Det vert lagt eit ope høyringsmøte saman med møte i Rådgjevande utval i løpet av oktober.
- Høyringsfrist 1.nov

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/2018	12.09.2018

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Skjøtselsplan for støylsmiljø

Innstilling frå forvaltar

Sidan i fjor sommar har fire studentar frå Høgskulen på Vestlandet jobba med skjøtselsplanar for tre støylar i Naustdal-Gjengedal. To av dei har jobba med Dalsbøen i Traudalen, og to av dei med Arnestadstøylen og Fitjestøylen i Langedalen. Oppgåvene er no leverte, og vi har fått sendt over studentane sine forslag til skjøtselsplanar for desse tre støylane.

Begge gruppene leverte gode og gjennomarbeidde oppgåver som fekk bestått med god margin. Planane inneheld mykje god kunnskap som er henta inn gjennom synfaringar/kartlegging i felt, intervju med lokale ressurspersonar og andre historiske kjelder som gamle bilete og liknande. Gruppene diskuterer i dei respektive oppgåvene kva som er målsetninga med skjøtsel og korleis ein skal oppnå måla. I oppgåvene kjem studentane med forslag til tiltak og prioriteringar, men dei gjev og grunnlag for andre løysingar. Studentane har stått veldig fritt til å tenke kreativt. Oppgåvene er derfor gode grunnlag for framtidig skjøtselsarbeid.

Studentane har ikkje vurdert økonomien i tiltaka. Det må vi gjere. Nokre av tiltaka som dei føreslår er dessutan ideelt sett «best», men vanskeleg å gjennomføre i praksis. Som til dømes bytte til andre rasar av beitedyr. Som forvaltningsstyresmakt må vi derfor gjere ei tøffare og meir realistisk prioritering enn studentgruppene trengte å gjere.

I utgangspunktet hadde vi tenkt å leige inn fagkonsulent til å gå gjennom oppgåvene, og lage ein skjøtselsplan som bygger på studentoppgåvene, men som er kvalitetssikra av ein profesjonell. Vi har midlar til eit slikt arbeid på årets budsjett. Men, vi fekk innspel frå nettopp ein slik konsulent, at dette er ein jobb som verneområdeforvaltaren like gjerne kan gjere sjølv. Både fordi det er vanskeleg for ein profesjonell å kvalitetssikre andre sine kartleggingar, men og fordi det totalt sett er lite «å hente» på å leige fagfolk til eit slikt oppdrag.

Styret må ta stilling til korleis vi jobbar vidare med skjøtselsplanarbeidet.

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Verneområdeforvaltar lagar skjøtselsplanar for Dalsbøen, Fitjestøylen og Arnestadstøylen basert på studentoppgåvene.

Vedtak ST 11/2018

Verneområdeforvaltar lagar skjøtselsplanar for Dalsbøen, Fitjestøylen og Arnestadstøylen basert på studentoppgåvene.

ST 12/2018 Eventuelt**Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 12.09.2018****Vedtak ST 12/2018**

Gjeldande tiltaket med bygging av trapper i Geitabykset:

Forvaltar skal lage ei rutine for tilsyn og vedlikehald med trappene etter montering:

- Kven har kompetanse til å gjennomføre tilsyn?
- Kor ofte skal det gjennomførast tilsyn?

Forvaltar skal sjekke med jurist kva ansvar verneområdestyret har for ålmenta sin bruk av trappene.

Forvaltninga skal vurdere å sette opp skilt som informerer om eventuell risiko.

RS 4/2018 Synfaring til Ryssdalen for å sjå på gjennomførte tiltak og tiltak under arbeid